

Evaluering av prosjektet "Sjkefråver i den vidaregåande skulen"

Desember 2011

AUD-rapport nr. 15-11



Utgivar: Hordaland fylkeskommune,
Regionalavdelinga
Analyse, utgreiing og dokumentasjon (AUD)
<http://www.hordaland.no/aud>

Tittel: Evaluering av prosjektet "Sjukefråver i den vidaregåande skulen"

Publikasjonsserie/nr: AUD-rapport nr: 15-11
<http://www.hordaland.no/aud-rapportar>

Dato: 15. desember 2011

Forfattar: Kathrin Jakobsen
Tlf: 55 23 90 61
E-post: kathrin.jakobsen@hfk.no

OPPSUMMERING	4
1 INNLEIING	5
2 OM PROSJEKTET	5
3 EVALUERINGSSPØRSMÅL	6
4 METODE	6
5 NY KUNNSKAP?	7
6 FORMIDLING AV RESULTATA	8
7 FRAMLEGG TIL TILTAK	13
8 INVOLVERING AV PARTANE	17
9 NYTTEVERDI	18
10 VURDERING OG TILRÅDINGAR	20

OPPSUMMERING

- Prosjektet «Sjukefråver i den vidaregåande skulen» var todelt – med ein forskingsdel og ein oppfølgingsdel – der Uni Rokkansenteret var ansvarleg for forskingsdelen og Hordaland fylkeskommune og NAV var ansvarleg for oppfølgingsdelen.
- Datagrunnlaget for evalueringa er basert på intervju med arbeidsgruppa for prosjektet og spørjeundersøking til dei som har vore involvert i prosjektet. Svarprosenten for spørjeundersøkinga er 81 % (35 av 43 respondentar). I analysen er respondentane delte inn i tre grupper: 1) Leiinga ved skulane (rektorar og avdelingsleiarar), 2) Tilsette (verneombod, tillitsvalde og lærarar) og 3) Fylkesadministrasjonen/NAV
- Det blei formulert fire evalueringsspørsmål :
 1. Er det framskaffa ny kunnskap om årsakssamanhenger i sjukefråveret og om verkemidlar i sjukefråversarbeidet i dei vidaregåande skulane?
 2. I kva grad er resultata frå forskingsrapporten gjort kjent for leiinga, dei tilsette og dei tillitsvalde i dei vidaregåande skulane?
 3. Er det ei felles oppfatning at forslaget til handlingsplan for å førebygge sjukefråveret i vidaregåande skule er meir målretta enn tidlegare planar/tiltak?
 4. I kva grad fekk alle involverte partar høve til å kome fram med sine synspunkt?
- Respondentane meiner at det i liten grad er frambrakt ny kunnskap om årsakssamanhengar i sjukefråveret og kva tiltak som verkar/ikkje verkar. Dei som i størst grad meiner at det er frambrakt ny kunnskap er dei tilsette. Dei opne svarer tydar på at den viktigaste kunnskapen som er kome fram, er korleis organisatoriske tilhøve påverkar sjukefråveret.
- Fleirtalet av respondentane har fått tilsendt eller utdelt både forskingsrapporten og sluttrapporten frå prosjektet. Det er ikkje gitt tilsvarende informasjon til dei øvrige skulane.
- Respondentane meiner eit stykke på veg, men dei tilsette meir enn leiinga ved skulane, at forskingsrapporten skildrar utfordringar knytt til sjukefråver på ein treffande måte.
- Leiinga og dei tilsette har i liten grad tru på at handlingsplanen vil bidra til å redusere sjukefråveret. Fylkesadministrasjonen/NAV er meir positiv. Dei tilsette synest likevel at handlingsplanen er dekkjande for det som kom fram i forskingsrapporten og i diskusjonane i etterkant. Det kan tyde på at tiltaka ikkje er målretta nok eller at ein ikkje trur dei vil bli omsett i praksis.
- Dei tiltaka som respondentane har mest tru på er *systematisk leiaropplæring i arbeidsmiljøarbeid, systematisk arbeidsmiljøarbeid som regelmessige tema på møte på ulike nivå, møte om praktisering av arbeidstidsavtalen og utgreie tiltak for betre ivaretaking av nyttilsette*. Alle respondentgruppene prioriterte dei første to tiltaka høgt.
- Funna i forskingsrapporten og moglege tiltak blei diskutert i ein workshop i etterkant. Respondentane samla sett meiner i stor grad at alle involverte partar var godt representert. Det vidare arbeidet med handlingsplanen blei utført i ei utvida arbeidsgruppe. Her fungerte samarbeidet svært bra.
- Samla sett synest respondentane at prosjektet har vore ganske nyttig. Leiinga ved skulane er dei som synest prosjektet har vore minst nyttig, skårar under middels, medan fylkesadministrasjonen/NAV synest det har vore mest nyttig.
- Gjennomgåande er det fylkesadministrasjonen/NAV som er mest positive til dei ulike sidene av prosjektet, deretter dei tilsette, medan leiinga ved skulane er minst positive. Dette kan til ein viss grad forklarast ut frå ståstad og involvering, men også i kva grad prosjektet treffer problemstillingar respondentane er opptekne av i arbeidet sitt.
- Trass i at det er ulike oppfatningar om kor relevant og dekkjande den kunnskapen som er generert og dei tiltaka som er utarbeidd, kan seiast å vere, meiner evaluator at det er positivt at det er gjort grundige vurderingar kring årsaker til sjukefråver i vidaregåande skular, at alle partar har fått vore med i den påfølgjande diskusjonen og at det er utarbeidd ein handlingsplan der storparten av respondentane stettar opp om heilt sentrale tiltak. Det som er viktig er at dette blir brukt aktivt i fortsetjinga, både ved skulane og i fylkesadministrasjonen.

1 Innleiing

Prosjektet "Sjukefråver i den vidaregåande skulen" var eit samarbeidsprosjekt mellom Hordaland fylkeskommune, NAV og Uni Rokkansenteret og blei finansiert av NAV gjennom programmet FARVE – forsøksmidler arbeid og velferd. Prosjektet blei avslutta juni 2011.

Prosjektet blei organisert med ei styringsgruppe og arbeidsgruppe. Organisasjonsdirektøren har vore prosjektansvarleg og leia styringsgruppa.

Stabseininga Analyse, utgreiing og dokumentasjon (AUD) i Hordaland fylkeskommune har fått i oppdrag av Organisasjonsdirektøren å evaluere dette prosjektet. Det blei sett ned ei evalueringsgruppe som skulle følgje opp dette arbeidet.

2 Om prosjektet

Prosjektet var todelt – med ein forskingsdel og ein oppfølgingsdel – der Uni Rokkansenteret var ansvarleg for forskingsdelen og Hordaland fylkeskommune og NAV var ansvarleg for oppfølgingsdelen.

Arbeidsgruppa si oppgåva har vore å drive prosjektet framover. I arbeidsgruppa sat representantar frå HMT, Opplæringsavdelinga, Personalseksjonen og NAV Arbeidslivssenter. Under forskingsdelen av prosjektet møtte også Uni Rokkansenteret i arbeidsgruppa.

Forskingsdelen blei gjennomført ved Uni Rokkansenteret i perioden april til november 2010. Prosjektrapporten "Mellom penger og pedagogikk – Om læreres opplevelse av sykefravær i den vidaregåande skolen" blei levert i februar 2011. Rapporten var basert på ei kvalitativ undersøking blant lærarar og leiarar ved tre vidaregåande skular i bergensområdet. Den geografiske avgrensinga blei gjort av praktiske grunnar. Utvalet av skular og informantar var basert på frivilligheit. Alle skulane i bergensområdet blei inviterte til å delta. Fem skular meldte seg. To av desse blei plukka ut med bakgrunn i utviklinga i sjukefråveret dei siste åra. I tillegg blei ein annan skule førespurt om å delta på grunn av aukande sjukefråver ved skulen. På personalmøte ved skulane gjekk det ut ein open invitasjon til alle lærarane om å vere informant i prosjektet. Svært få meldte sin interesse. Etter fleire oppfordringar klarte forskarane å rekruttere 15 personar fordelt på dei tre skulane. I tillegg blei det gjennomført intervju med rektorane og deira leiargrupper. Målet med intervjuet var å opparbeide kunnskap om kva det er ved skulen, sett som ein spesiell kunnskapsorganisasjon, som bidrar til høgt eller lågt sjukefråver.

Oppfølgingsdelen hadde Hordaland fylkeskommune og NAV Arbeidslivssenter ansvaret for. I denne delen blei forskingsrapporten drøfta og ein tiltaksplan blei utarbeidd. Dette blei gjort i ein workshop med deltakarar frå seks andre vidaregåande skular enn der informantane kom frå. Det var arbeidsgruppa som valde ut aktuelle skular for å få ei breidde i høve til storleik, studieretningar og fysiske lokalitetar. I tillegg deltok representantar frå arbeidstakarorganisasjonane og fylkeshovudverneombodet. Alle medlemene i arbeidsgruppa tok også del i denne seansen. NAV var ansvarleg for gjennomføringa. Føremålet var å bearbeide dei funna som kom fram i forskingsrapporten og vurdere ulike tiltak som kunne setjast inn for å redusere sjukefråveret. I etterkant blei arbeidsgruppa utvida med fylkeshovudverneombodet og tillitsvalde for å oppsummere det som kom fram i dette arbeidet og lage framlegg til tiltaksplan.

Tiltaksplanen blei lagt fram for Hovudarbeidsmiljøutvalet i mai 2011. Ein sluttrapport frå prosjektet blei utarbeidd i juni 2011.

3 Evalueringsspørsmål

Hovudmålet med prosjektet for Hordaland fylkeskommune sin del var:

Betre tiltak for å redusere sjukefråver blant lærarar i Hordaland fylkeskommune

Det blei også formulert tre delmål:

1. Framskaffe kunnskap om årsakssamanhengar og verkemidlar i sjukefråværsarbeidet i dei vidaregåande skulane i Hordaland, i form av ein prosjektrapport.
2. Spreiing av innhaldet i prosjektrapporten internt og i samarbeidsmøte med NAV Arbeidslivssenter Hordaland.
3. Utarbeide meir målretta handlingsplanar for helse-, miljø- og tryggleiksarbeidet og IA-arbeidet i dei vidaregåande skulane.

Som kunnskapsmål for forskingsprosjektet sette ein opp følgjande:

- Kunnskap om i kva for grad omgrepa sjukelegheitskultur/friskheitskultur kan vere nyttige reiskapar for å forstå variasjonar i sjukefråvær mellom skular
- Kunnskap om detaljane i prosessen som gjer at høgt sjukefråvær på en arbeidsplass fører til meir sjukefråvær.
- Kunnskap om kvifor eksisterande tiltak verkar/ikkje verkar, og tilråding av meir treffande tiltak.

På grunnlag av dette har evaluator i samarbeid med bestillar utarbeidd følgjande evalueringsspørsmål:

- Er det framskaffa ny kunnskap om årsakssamanhenger i sjukefråveret og om verkemidlar i sjukefråværsarbeidet i dei vidaregåande skulane?
- I kva grad er resultatane frå forskingsrapporten gjort kjent for leiinga, dei tilsette og dei tillitsvalde i dei vidaregåande skulane?
- Er det ei felles oppfatning at forslaget til handlingsplan for å førebyggje sjukefråveret i vidaregåande skule er meir målretta enn tidlegare planar/tiltak?
- I kva grad fekk alle involverte partar høve til å kome fram med sine synspunkt?

4 Metode

I samband med evalueringa er det gjennomført eit gruppeintervju med den etablerte arbeidsgruppa og ei spørjeundersøking retta mot dei som har vore involvert i prosjektet på ein eller annan måte, til saman 45 personar:

- Rektorar og avdelingsleiarar ved dei tre vidaregåande skulane som var informantar i første del av prosjektet
- Hovudverneomboda ved dei tre vidaregåande skulane
- Rektorar, avdelingsleiarar og lærarar ved seks vidaregåande skular som deltok i workshopen
- Deltakarar i arbeidsgruppa og den utvida arbeidsgruppa

Spørjeskjemaet blei utvikla av AUD og godkjend av evalueringsgruppa. Undersøkinga blei gjennomført elektronisk. Alle innkomne svar er behandla konfidensielt. Svarprosenten for undersøkinga er 81 %.

I analysen har vi skilt mellom tre respondentgrupper:

1. Leiinga: Rektorar/avdelingsleiarar ved skulane
2. Dei tilsette: Verneombod, tillitsvalde og lærarar tilsett ved skulane
3. Fylkesadministrasjonen/NAV: For fylkeskommunen er dette representantar for HMT, Opplæringsavdelinga og Personalseksjonen. For NAV er dette representantar for NAV Arbeidslivssenter. Alle desse deltok i arbeidsgruppa og i workshopen.


Utvalet er svært lite i utgangspunktet. Det kan difor vere problematisk å dele utvalet inn i undergrupper. Men sidan svarprosenten er høg, høvesvis 71 %, (17 av 24) 85 % (11 av 13) og 83 % (5 av 6) for dei tre gruppene og mønsteret i svargivinga er gjennomgåande, meiner vi at tala er robuste nok til å presentere dei på denne måten.

Det er også gjort ein gjennomgang av relevante dokument, først og fremst referat frå møte i arbeidsgruppa og utvida arbeidsgruppe og frå workshop.

5 Ny kunnskap?

Ei av målsettingane med prosjektet var å framskaffe ny kunnskap om årsakssamanhengar i sjukefråveret og kva tiltak som verkar/ikkje verkar i sjukefråversarbeidet.

I kva grad synest du prosjektet har frambrakt ny kunnskap om:



Svarskala: 1= I svært liten grad og 6 = I svært stor grad

Figuren over viser at det er rektorane/avdelingsleiarane som i *minst* grad meiner at det er framskaffa ny kunnskap på desse to felta, i snitt 2,7 og 2,9. Den gruppa som i *størst* grad meiner at det er framskaffa slik kunnskap er verneombod/tillitsvalde/lærarar, i snitt 3,8 og 4,0. Representantar for

fylkesadministrasjonen og NAV ligg ein plass i mellom desse. Dei skårar i snitt mest likt med verneombod/tillitsvalde/lærarar på spørsmålet om det er framskaffe kunnskap om årsakssamanhengar og mest likt med rektorar/avdelingsleiarar på spørsmålet om det er framskaffa kunnskap om kva tiltak som verker/ikkje verker.

I snitt meiner både leiinga og dei tilsette at det er framskaffa meir kunnskap om kva tiltak som verker/ikkje verker i sjukefråversarbeidet enn om årsakssamanhengane i sjukefråveret. Representantane for fylkesadministrasjonen/NAV meiner derimot at det i størst grad er framskaffa kunnskap om årsakssamanhenger. Ei framherskande meining i arbeidsgruppa var at rapporten ga minst kunnskap om kva tiltak som fungerer eller ikkje fungerer. "Det vi kanskje *ikke* fikk var mer den eksakte kunnskapen om hvorfor tiltak virker, ikke virker."

I dei opne spørsmåla frå leiinga blir lærarane sine vurderingar av svakheiter ved den administrative leiinga ved skulen trekt fram som eit døme på viktig kunnskap som er kome fram gjennom prosjektet, herunder at rektor er usynleg og at lærarane har manglande kjennskap til skulen sitt opplegg og tilrettelegging i høve til sjukefråver. Anna nyttig kunnskap som prosjektet har framskaffa, i følgje leiinga på skulane, er kva lærarane legg vekt på i høve til handlingsrom og forutsigbarheit i kvardagen og at lærarane ofte prioriterer å gå på arbeid, sjølv når dei er sjuke.

At man i det heile set fokus på sjukefråveret og grunnar til det, blir i seg sjølv oppfatta som viktig av leiinga.

Dei tilsette på si side meiner at noko av det viktigaste som er kome fram igjennom prosjektet er at organisatoriske tilhøve blir vurdert som ein årsaksfaktor for sjukefråver, til dømes at sjukefråveret ofte er eit resultat av dårleg leiing og konflikter på arbeidsplassen og at konflikten rundt arbeidstid påverkar sjukefråveret. Verneomboda/tillitsvalde seier at dette ikkje er ny kunnskap, men likevel viktig kunnskap, fordi det no blir bekrefta og dokumentert gjennom forskning.

Utsegna frå dei tilsette i fylkesadministrasjonen/NAV samsvarar i stor grad med utsegna til verneomboda/tillitsvalde. Dei påpeiker at det ikkje er framskaffa så mykje ny kunnskap, men at ein har "fått mer nyansert kunnskap om noe vi trodde var" og at det er "blitt mye klarere mye av det som vi allerede visste, noe som har vært litt ullent."

Det som blir trekt fram som døme på dette er kunnskap om korleis lærarane opplev arbeidskvardagen og korleis endringar i leiarstruktur og arbeidstidsordning gjev verknader for lærarane sin trivsel


Det som synest å vere den viktigaste kunnskapen frå forskingsrapporten, ut frå dei opne svara, er at dei organisatoriske tilhøva påverkar sjukefråveret, eksemplifisert ved endringar i leiarstruktur og arbeidstidsordningar. Eit anna funn er at det er lite skilnader *mellom* skulane på dette punktet.

6 Formidling av resultatata

Ei anna målsetting i prosjektet var at resultatata frå forskingsrapporten skulle spreiest internt, både til leiarar, tillitsvalde/verneombod og tilsette. Det blei difor utarbeidd ein informasjonsplan i startfasen av prosjektet. I samsvar med denne planen er alle relevante grupper og utval, både politiske og administrative, blitt informert og alle involverte skular, hovudtillitsvalde og hovudverneombod skal ha fått tilsendt forskingsrapport og sluttrapport

I undersøkinga rapporterer 24 av 33 respondentar at dei har fått tilsendt eller utdelt rapporten (sjå figur under. Fire har fått tak i den på eiga hand. Blant desse finn vi tre rektorar/avdelingsleiarar og


eitt verneombod/tillitsvald. Tre har høyrd om rapporten, men ikkje sett den. Dette er to rektorar/avdelingsleiarar og eitt verneombod/tillitsvald. Ein rektor/avdelingsleiar har korkje sett eller høyrd om den. Eit klårt fleirtal har med andre ord fått tilsendt eller utdelt rapporten. Berre ein person seier at ho/han korkje har høyrd om eller sett rapporten.



Det er ikkje uventa representantane frå fylkesadministrasjonen/NAV som har best kjennskap til innhaldet i forskingsrapporten (5,8 i snitt. Dei tilsette har betydeleg mindre kjennskap til rapporten (4,2 i snitt). Like bak følgjer leiinga ved skulane med litt over middels kjennskap (3,8 i snitt).

I synet på om utfordringane knytt til sjukefråver i vidaregåande skule blir skildra på ein treffande måte i rapporten, er det store skilnader mellom leiinga (3,8 i snitt) og dei tilsette (5,1 i snitt). Det som kjem fram som funn i rapporten er saker som dei tillitsvalde har hatt fokus på over lengre tid og vil difor bli oppfatta som treffande, medan leiinga ved dei vidaregåande skulane ut frå sin ståstad også ser andre utfordringar enn det som kjem fram i rapporten. Representantane frå fylkesadministrasjonen/NAV skårar om lag midt imellom dei to andre gruppene.


Til dei som har sett forskingsrapporten:




Svarskala: 1= I svært liten grad og 6 = I svært stor grad

Arbeidsgruppa tok også initiativ til å få utarbeidd ein sluttrapport frå prosjektet som oppsummerer det som er gjort i prosjektet saman med eit framlegg til handlingsplan. Denne rapporten er også langt på veg distribuert til alle som har vore involvert i prosjektet. Også her er det flest rektorar/avdelingsleiarar som ikkje har fått rapporten.

Har du kjennskap til sluttrapporten frå prosjektet "Sjukefråver i den vidaregåande skulen" - Sluttrapport frå samarbeidsprosjektet mellom Hordaland fylkeskommune, NAV og Uni Rokkansenteret?



Av rektorane/avdelingsleiarane er det berre halvparten som har fått tilsendt/utdelt rapporten. To rektorar/avdelingsleiarar har fått tak i sluttrapporten på eiga hand, fire har høyrd om den, men ikkje sett den og to har korkje høyrd om den eller sett den. Av verneombod/tillitsvalde er det ein som har høyrd om den, men ikkje sett den og ein har korkje sett eller høyrd om den.




Mønsteret i svargivinga på spørsmålet om dei kjenner innhaldet i sluttrapporten, er det same som for forskingsrapporten, men leiinga ved skulane kjenner i enda mindre grad til innhaldet i sluttrapporten.

Representantane for fylkesadministrasjonen/NAV kjenner innhaldet svært godt (5,8 i snitt) og synest rapporten er nyttig (5,8 i snitt). Dei tilsette skårar også godt over middels på begge desse spørsmåla (4,6 i snitt). Leiinga ved skulane skårar middels (høvesvis 3,2 og 3,5 i snitt)

Det er ikkje lagt nokon føringar på skulane om å diskutere resultatata frå prosjektet i interne fora. Dette er heller ikkje gjort i særleg grad. På spørsmålet om resultatata er diskutert ved skulen, ligg svara til respondentane (rektorar/avdelingsleiarar/verneombod og lærarar) i hovudsak på den nedre delen av skalaen. Dette gjev eit snitt på 2,7.

I kva grad er resultatata frå prosjektet diskutert ved din skole?



Svarskala: 1= I svært liten grad og 6 = I svært stor grad

Dei to tillitsvalde som har svart på spørjeundersøkinga gir høvesvis skåren 4 og 6 på spørsmålet om resultatata frå prosjektet er diskutert i deira organisasjon.


Den primære informasjonsformidlinga har vore via intranett. Arbeidsgruppa la ut ein nyhendeartikkel om prosjektet i sluttfasen. At det tok så lang tid før det kom ut informasjon om prosjektet, skuldast diskusjonar og vurderingar av kva som var føremålstenleg å leggje ut her. Arbeidsgruppa landa på at det var mest føremålstenleg å vente til sluttrapporten låg føre. Ein mogleg konsekvens av dette, som arbeidsgruppa var merksam på, var at forskingsprosjektet og resultatet av dette kunne verke meir hemmeleg enn det det var.

Det som gjenstår er å informere om prosjektet til alle rektorane og skulane. Dette er Opplæringsavdelinga ansvarleg for.

Respondentane blei også spurde om kor nøgde dei var med informasjonen som blei gitt om prosjektet, både undervegs i prosessen og i etterkant. Leiinga ved skulane og dei tilsette var samstemte i synet på at informasjonen undervegs ikkje var god nok. Her skåra dei i snitt litt over middels. Informasjonen gitt i etterkant var dei tilsette langt meir nøgd med enn leiinga ved skulane. Dette kan skuldast at dei tillitsvalde har fått meir informasjon via sine informasjonskanalar enn det leiinga har fått.

Fylkesadministrasjonen/NAV er dei som er mest nøgd, men aller mest med informasjonen som er blitt gitt undervegs. Det er med andre ord eit misforhold mellom arbeidsgruppa sin oppfatning av informasjonen som dei sjølve har gitt undervegs og i etterkant og slik leiinga og dei tilsette på skulane oppfattar det. Arbeidsgruppa har gjort jobben sin i høve til den oppsette informasjonsplanen, med unnatak av noko tidsforskuingar, og er av den grunn truleg nøgd med den informasjonen dei har gitt. Men det kan stillast spørsmålsteikn ved om denne informasjonsplanen var ambisiøs nok. Erfaringa vår frå liknande spørjeundersøkingar er at det er svært vanskeleg å få høg skåre på

spørsmål om informasjon.



7 Framlegg til tiltak


Prosjektet munna ut i eit framlegg til handlingsplan for å førebyggje sjukefråveret i vidaregåande skule. Handlingsplanen var basert på funna i forskingsrapporten og den påfølgjande diskusjonen i ein workshop arrangert av fylkesadministrasjonen og NAV. Målsettinga var at handlingsplanen skulle vere meir målretta enn tidlegare planar/tiltak.

På spørsmålet om handlingsplanen totalt sett vil bidra til å redusere sjukefråveret blant lærarane, er leiinga ved skulane og dei tilsette tvilande til at det vil skje. I snitt skårar dei under middels (3,2 og 3,1). Fylkesadministrasjonen/NAV er langt meir positive til dette (4,4 i snitt).

Leiinga synest også berre i middels grad at handlingsplanen er dekkjande for dei utfordringane som kom fram i forskingsrapporten og i diskusjonane i workshop (3,7 og 3,6). Dei tilsette synest i større grad at handlingsplanen er dekkjande på desse to punkta (4,4 og 4,6).

Fylkesadministrasjonen/NAV er den gruppa som i størst grad synest at handlingsplanen er dekkjande og spesielt for det som kom fram i diskusjonen i workshop (5,4). Denne gruppen har også størst tru på at handlingsplanen vil bidra til å redusere sjukefråveret blant lærarane (4,4). Men også her er det ein lågare skåre enn det ein kunne forvente ut frå at dei i stor grad synest handlingsplanane er dekkjande for dei det som er kome fram av forskingsfunn og betraktningar i diskusjonar.


At respondentane, og spesielt leiinga ved skulane og dei tilsette, likevel har relativt liten tru på at handlingsplanen vil bidra til at sjukefråveret blant lærarane blir redusert, kan bety at tiltaka ikkje er målretta nok. Det kan også skuldast skepsis til om slike planar blir omsett i praksis.



Svarskala: 1= I svært liten grad og 6 = I svært stor grad


Respondentane blei bedne om å rangere dei tre tiltaka dei i størst grad meinte ville bidra til å redusere sjukefråveret blant lærarane. Det tiltaket som fekk klårt flest poeng, var "Systematisk leiaropplæring i hmt-arbeid, IA, presonalarbeid og konflikthandtering". 20 av respondentane hadde dette tiltaket som topp tre og 13 av dei på førsteplass. Deretter følgde: "Systematisk arbeidsmiljøarbeid som regelmessig tema i plenumsmøte/avd.møte/seksjonsmøte og digitale fora", "Møte om praktisering av arbeidstidsavtalen, under dette avsetning av tid til fagleg-pedagogisk utviklingsarbeid" og "Utgreie tiltak for betre ivaretaking av nyttilsette, til dømes iverksetting av introduksjonsprogram og rettleiarordning".

Kva einskildtiltak trur du i størst grad vil bidra til å redusere sjukefråveret?



Kode	Tekst	Poeng
A	Systematisk leiaropplæring i hmt-arbeid, IA, personalarbeid og konflikthandtering	38
B	Systematisk arbeidsmiljøarbeid som regelmessig tema i plenums møte/avd.møte/seksjonsmøte og digitale fora	23
C	Møte om praktisering av arbeidstidsavtalen, under dette avsetting av tid til fagleg-pedagogisk utviklingsarbeid	21
D	Utgjeie tiltak for betre ivaretaking av nyttilsette, til dømes iverksetting av introduksjonsprogram og rettleiarordning	18
E	Informasjon om ansvar og roller i leinga på den einskilde skulen	12
F	Medarbeidarsamtaler med livsfaseperspektiv, med systematisk oppfølging	12
G	Avklare drøftingsrutinar på fylkesnivå i forkant av rundskriv, instruksar, m.m.	12
H	Fellesskulering i hovudavtalen/avtaleverket. Rolleavklaring, rolleforståing, spelereglar	11
I	Utvikle retningsliner for vikarbruk ved sjukefråver	10
J	Vurdere rutinar og ressursbehov ved fordeling av elevar med særskilt behov	9
K	Systematisk hmt- og IA-arbeid som tema for informasjonsdag for rektorar	6
L	Samordning av IKT-verktøy	4
M	Koordinering av kurs og samlingar, tilpassa årsplanar for skulane	3
N	Styrking av prosjektmidlar til AktivKvarDag	2
O	Utviding av kurstilbod i høve Meistring av truslar og vald (MATV)	2
P	Avklare bruk av seniortid - redusert leseplikt	2

Resultata varierte noko mellom dei tre respondentgruppene. Fylkesadministrasjonen/NAV var dei som konsentrerte svara sine kring færrest tiltak (8 tiltak), medan leiinga og dei tilsette fordelte seg på 13 tiltak kvar som dei ønskte å prioritere blant tre på topp.



“Systematisk leiaropplæring i hmt-arbeid, IA, personalarbeid og konflikthandtering” var det tiltaket som størst andel av respondentane i kvar av desse gruppene prioriterte, med unntak av fylkesadministrasjonen/NAV som samla sett prioriterte det nest høgst.

Systematisk arbeidsmiljøarbeid som regelmessige tema i plenums møte, avdelingsmøte, seksjonsmøte og digitale fora er også eit tiltak som ein relativ stor andel alle respondentgruppene meiner er viktige for å redusere sjukefråveret.

Utgreiing av tiltak for betre ivaretaking av nyttilsette er det tiltaket som representantane for fylkesadministrasjonen/NAV så på som viktigast, medan ein langt mindre del av verneomboda/tillitsvalda/lærarar hadde dette tiltaket blant topp tre.

Medarbeidarsamtalar med livsfaseperspektiv er også eit tiltak som ein stor andel av fylkesadministrasjonen/NAV meinte ville bidra til å redusere sjukefråveret. Berre ein liten andel av leiinga og verneomboda/tillitsvalde/lærarar meinte det same.

Ein stor andel av leiinga ved skulane og dei tilsette, men aller mest dei tilsette, meinte at møte om praktisering av arbeidsavtalen var blant dei tiltaka som i størst grad ville verke førebyggjande på sjukefråveret. Ingen av representantane frå fylkesadministrasjonen/NAV delte denne oppfatninga.

Andre tiltak som ein relativ stor del av dei tilsette ønskte å prioritere blant tre på topp, var «systematisk hms- og IA-arbeid som tema for informasjonsdag for rektorar» og «avklare drøftingsrutinar på fylkesnivå i forkant av rundskriv, instruksar, m.v.»

Oppsummert kan det seiast at systematisk hmt- og IA-arbeid i ulike avskuggingar er det som respondentane i størst grad meiner vil kunne bidra til reduksjon av sjukefråveret. Meir konkret er det praktisering av arbeidstidsavtalen, oppfølging av nytilsette og medarbeidersamtalar med livsfaseperspektiv som vil kunne vere dei tiltaka som gir best resultat.

På spørsmål om det var nokre tiltak respondentane sakna, svarte leiinga ved skulane at dei så behov for ei vurdering av den totale arbeidsmengda til einiskilde lærargrupper. Spesielt er det store forskjellar når det gjeld rettebyrde, og det avspeglast ikkje alltid i leseplikten. Dette fører til stor slitasje for dei med mange klassar/elevlar.

Tiltak som dei tilsette sakna var med anna fokus på leiarrolla og på respekt og tillit mellom leiing og arbeidstakarar, men også tiltak for å forbetre dei fysiske tilhøva ved skulane. Samanslåing av klassar var også eit moment som kunne skape sjukefråver.

I desse ytringane kom det også fram ei bekymring for korleis planen ville bli brukt: *«Men eg saknar handling... det at resultatet av undersøkelsen ikkje er gjort kjent ved skulen (me deltok tross alt) bekymrer meg. Er redd for at dette blir enda ein plan for "Skuffa"»*

8 Involvering av partane

For å kunne utarbeide ein meir målretta handlingsplan, blei det vurdert som ein føresetnad at alle involverte partar fekk delta i prosessen. Dette blei ivareteke gjennom ein workshop der leiarar og tilsette ved seks andre skular enn dei som deltok som informantar, var med.


Respondentane blei bedne om å ta stilling til ei rekkje påstandar knytt til denne samlinga (sjå figur under). Gjennomgåande er representantane for fylkesadministrasjonen/NAV mest positive til opplegget og det som skjedde i denne samlinga, deretter følgde verneombod/tillitsvalde/lærarar, medan rektor/avdelingsleiarar var minst positive, men likevel ikkje noko særleg under middels på nokon av påstandane.

At alle partar som er involvert i sjukefråversarbeidet var godt representert på samlinga, skårar alle tre respondentgruppene høgt på. Rektorane/avdelingsleiarane er med 4,4 på i snitt likevel minst einig i det. Det kan bety at leiinga ved dei utvalde skulane hadde sett føre seg ei litt anna samansetting av deltakarane. Kva dette er, gjev ikkje datamaterialet svar på.

At ramma og føremålet for samlinga var klår og tydeleg er alle representantane for fylkesadministrasjonen/NAV svært samde i (5,8), medan dei andre to gruppene ikkje synest dette var like klårt (4,1 og 4,2).

At det var semje om funna i forskingsrapporten, at resultatata frå forskingsrapporten blei konkretisert på ein god måte i diskusjonane og at det kom fram mange gode forslag til tiltak for å redusere sjukefråveret, rektorane/avdelingsleiarane berre middels samde i (3,4 - 3,6). Dei andre to gruppene skåra begge mykje høgare og nokolunde likt, med unnatak av at dei tilsette ikkje var like samde som fylkesadministrasjonen/NAV i at det kom fram mange gode forslag til tiltak for å redusere sjukefråveret.

Påstanden "Det var for stort fokus på tilhøve som ikkje direkte var relatert til sjukefråver" hadde motsett retning enn dei andre. Her er det rektorane/avdelingsleiarane som skåra høgst (3,8), men likevel ikkje mykje over midtpunktet. Leiinga ved skulane meiner langt på veg at dette var eit problem.



Svarskala: 1= Svært ueinig og 2 = Svært einig

Noko av dette kom også fram i dei opne svara. Blant anna uttrykte ein av rektorane/avdelingsleiarane at det var for mykje merksemd rundt arbeidsavtalen for pedagogisk tilsett personale og at det var usemje rundt innhald og funn. Ein annan stadfesta at variasjonen i oppfatningar var relativt stor.


Frå alle gruppene kom det fram at dei syntest det var positivt at partane sette seg saman og diskuterte sjukefråver og problemstillingar kring dette.

Den utvida arbeidsgruppa hadde som oppgåve å bearbeide innspela frå denne samlinga vidare. På spørsmål om kor godt eller dårleg dei syntest at arbeidet i den utvida arbeidsgruppa fungerte, ga alle som hadde delteke i denne gruppa skåre 5 eller 6., med hovudvekt på 6. Ein var usikker. Det tydar på at det var eit godt grep å utvide arbeidsgruppa med to fleire tillitsvalde, i tillegg til den eine som var frå før, og med fylkeshovudverneombodet i arbeidet med å oppsummere innspela og vurdere aktuelle tiltak.

9 Nytteverdi

Om prosjektet alt i alt har vore nyttige er det ulike oppfatningar av. Rektorane/avdelingsleiarane meiner i liten grad at prosjektet har vore nyttig (3,1 i snitt), medan verneombod/tillitsvald/lærarar i langt større grad ser nytteverdien av dette prosjektet (4,3 i snitt) og aller mest fylkesadministrasjonen/NAV (5,2 i snitt). Dette mønsteret har også kome fram i mange av dei andre spørsmåla i undersøkinga. Svargivinga viser at dei fleste av rektorane/avdelingsleiarane svarer rundt


I kor stor grad synest du dette prosjektet har vore nyttig alt i alt?



Svarskala: 1= I svært liten grad og 6 = I svært stor grad

Dersom vi ser nærare på svargivinga til kvar av gruppene, ser vi at svara til leiinga ved skulane ligg på den nedre delen av skalaen, men med hovudvekt på 3 og 4, medan svara til fylkesadministrasjonen/NAV ligg på den øvre delen av skalaen (5-6). Både leiinga ved skulane og fylkesadministrasjonen/NAV er med andre ord ganske samkøyrde i si oppfatning, men høvesvis kring midten og på den øvre delen av skalaen. Dei tilsette sprer seg utover heile skalaen, med unntak av dårlegaste skåre, dvs. 1.

I kor stor grad synest du dette prosjektet har vore nyttig alt i alt?



Det ligg i saken sin natur at dei som har initiert og gjennomført eit prosjekt vil vere mest nøgd i etterkant og ha størst tru på effektane av det, i dette tilfellet fylkesadministrasjonen/NAV. Tillitsvalde/verneombod er også på "heimebane" i høve til problemstillingane som blei tekne opp og soleis i "angrepsposisjon". Leiinga ved skulane vil lett kunne oppfatte det slik at det er dei som blir evaluerte i dette prosjektet ved at det er dei som er ansvarleg for sjukefråversarbeidet ved sine skular. Resultata må tolkast i lys av dette.

I dei opne svara er det to grunnar som kan forklare oppfatninga til rektorane/ avdelingsleiarane. For det første kan det skuldast at dei er skeptiske til å bruke data som er kome fram gjennom intervju med eit fåtal lærarar. For det andre kan det skuldast ei oppfatning om at rapporten ikkje fangar opp dei reelle årsakar til sjukefråveret på skulen. Det blir sagt at mykje av det som kjem fram i rapporten, kan ikkje leiinga på den einskilde skule gjere noko med, slik som arbeidstidsavtalen eller andre forhold knytt mot prosedyrar, elevar, lærartettleik, m.m. Nytteverdien blir dermed redusert.

Blant dei tilsette er det ei viss bekymring for at handlinga uteblir og at det ikkje blir avsett ressursar til oppfølginga. Det blir hevda at systematisk hmt-arbeid ved skulane krev ressursar: «.. *I handling kan eg ikkje sjå at hfk er opptatt av HMT arbeidet på den enkelte skule. Ressursene til å drive dette arbeidet er der ikkje i dag for vår del.*»

Desse synspunkta blir eit stykkje på veg stetta av ein representant frå fylkesadministrasjonen/NAV som seier at effekten av dette er avhengig av at aktuelle toppleiarar evnar å iverksetje og følgje opp tiltaka. Det positive er at prosjektet har sett handlingsplanar og systematisk HMT/IA-arbeid på dagsordenen.

10 Vurdering og tilrådingar

Prosjektet hadde primært to mål . Det eine var å framskaffe ny kunnskap om årsaker til sjukefråver og kva tiltak som verkar/ikkje verkar. Det andre var å utarbeide ein handlingsplan for vidaregåande skule med sikte på å redusere sjukefråveret.

Kunnskapsmåla som blei formulerte for prosjektet var:

- Kunnskap om i kva for grad omgrepa sjukelegheitskultur/friskheitskultur kan vere nyttige reiskapar for å forstå variasjonar i sjukefråvær mellom skular
- Kunnskap om detaljane i prosessen som gjer at høgt sjukefråvær på en arbeidsplass fører til meir sjukefråvær.
- Kunnskap om kvifor eksisterande tiltak verkar/ikkje verkar, og tilråding av meir treffande tiltak.

Rokkansenteret si tilnærming var basert på eit begrepsapparat knytt til sjukelegheitskultur og ei forskingshypotese om at sjukefråver er smittsomt. Forskingsprosjektet fekk undervegs eit noko anna fokus enn opprinneleg tenkt. Det er to grunnar til dette. For det første blei tittelen på prosjektet endra. Opprinneleg hadde prosjektet tittelen: "Sykefravær blant lærerne – har vi syke og friske skoler?" Dette var først og fremst eit forskings spørsmål, der ein skulle se nærare på fråverskulturen i skulane. Etter påtrykk frå arbeidsgruppa blei tittelen endra til "Sykefravær i den vidaregåande skole – hvordan oppleves det av lærerne?". Dette var både fordi den første tittelen ikkje var eigna til intern bruk, men også fordi ein primært ønskte fokus på lærarane sine opplevingar.

For det andre sette opplæringsdirektøren som krav at all deltaking skulle vere friviljug, i tydinga at både skular og einskildpersonar skulle melde seg sjølve. Det førte til at forskarane ikkje fekk høve til å spørje dei som hadde vore sjukemelde om å stille til intervju og fekk derfor mindre moglegheiter til å få innsikt i kva som faktisk fører til sjukefråver og kva tiltak som verkar. Forskarane møtte i staden

tilsette som var opptekne av problemstillingane og hadde klåre meiningar, men som berre delvis hadde røynsler med dette sjølv.

Med dette har prosjektet bevega seg frå ein analyse av fråverskultur til ei kartlegging av korleis lærarane opplev sjukefråveret på skulen og kva faktorar dei meiner kan ha innverknad på sjukefråveret. Undersøkinga frambrakte i liten grad ny kunnskap om årsaker til sjukefråveret eller kva tiltak som verkar/ikkje verkar, korkje for arbeidsgruppa, leiarane eller dei tilsette. Det meste var kjend frå før. Soleis er det nærliggjande å seie at det ein tidlegare *trudde* hadde innverknad på sjukefråveret, no er dokumentert og bekrefta gjennom forskning, slik ein av respondentane i undersøkinga uttrykte det. Dette er ikkje ein haldbar konklusjon. Forskingprosjektet omfatta ikkje uttesting av hypoteser. Prosjektet hadde ei kvalitativ tilnærming, med djupneintervju av eit avgrensa tal informantar som datakjelde. Fordelen med ei slik tilnærming er at forskarane kan gå i djupna på eit felt og prøve å forstå og forklare samanhengar, men ho kan ikkje nyttast til å *avdekkje* samanhengar. Kvalitative data frå intervju med nokre utvalde lærarar kan ikkje generaliserast til å gjelde alle lærarar ved dei vidaregåande skulane i Hordaland.

Forskarane skriv likevel i rapporten at: *" Selv om vi skal være forsiktige med å generalisere i kvantitativ forstand, finner vi grunn til å anta at ikke bare de andre lærerne ved de tre skolene, men også andre lærere ved andre skoler i Hordaland, kanskje kjenner seg igjen i beskrivelsene og finner dem relevante for sine skoler."*

Det betyr ikkje at situasjonen er lik ved alle skulane, men at noko av det som kjem fram er gjenkjenneleg for andre skular og difor kan nyttast som utgangspunkt for diskusjon.

Det kan også stillast spørsmålsteikn ved om sjølvseleksjon av informantar har ført til skeivheiter i utvalet og i for stor grad samanfallede synspunkt, det vil seie at ikkje alle, og kanskje heller ikkje dei viktigaste aspekta ved sjukefråveret i vidaregåande skule er fanga opp. Dette er også ein grunn til ein må tolke forskingsresultata med varsemnd.

Det som vi sit igjen med er eit sett med faktorar som kan ha påverknad på sjukefråveret. Vi veit framleis lite om i kva grad eller på kva måte desse faktorane faktisk påverkar sjukefråveret eller kva tiltak som kan verke.

Funna i forskingsrapporten blei diskutert i eit breitt samansett forum og på dette grunnlaget blei det utforma ein handlingsplan der føremålet var å redusere sjukefråveret blant lærarane. Det viser seg at i snitt har respondentane lita tru på denne handlingsplanen. Samstundes meiner respondentane, med unnatak av rektorane/avdelingsleiarane at handlingsplanen er ganske bra dekkjande for funna i forskingsrapporten og diskusjonane i etterkant. Det kan bety at handlingsplanen dekkjer dei viktigaste områda, men at sjølve tiltaka ikkje er målretta nok eller at ein ikkje har tru på at handlingsplanen vil bli omsett i praktiske tiltak. Dette er ei utfordring for leiinga både i opplæringsavdelinga og på skulane. Rektorane/avdelingsleiarane sin skepsis bunnar truleg meir i at det ikkje er dei riktige problemområda som er identifisert i høve til sjukefråver.

Det som er positivt er at alle respondentgruppene meiner at leiarane må få systematisk opplæring i arbeidsmiljøarbeid og at systematisk arbeidsmiljøarbeid må vere regelmessig tema i møte på ulike nivå i organisasjonen og at det vil kunne bidra til reduksjon i sjukefråveret. Dette er tiltak som alle partar difor kan samle seg om, ha fokus på og kvar for seg bidra til gjennomføringa av.

Arbeidsgruppa hadde laga ein informasjonsplan på førehand som langt på veg er blitt følgd. Dette er gjort på ein ryddig måte og spørjeundersøkinga viser at informasjonen i stor grad har nådd ut til relevante aktørar. Dette må likevel seiast å vere eit minimumsnivå av informasjon. Det som ikkje er gjort er å informere *alle* rektorane om kva kunnskap som er generert i prosjektet og om

handlingsplanen som dette munna ut i. Dette bør vere fokus i neste fase. Kunnskapen om årsaker til sjukefråver må brukast aktivt i fortsetjinga, ikkje som absolutte sannheiter, men som innspel til ein vedvarande diskusjon, slik at skulane kan få eit eigarforhold til problemstillingane og sjølv kan definere tiltak lokalt som kan bidra til å førebyggje sjukefråver.

Oppsummert kan ein seie at forskingsrapporten fekk eit anna innhald og ei anna vinkling enn det som opprinneleg var tenkt. Arbeidsgruppa jobba mykje med desse problemstillingane i den første fasen og innrettinga blei etterkvart meir konkret med fokus på lærarane sine opplevingar. Arbeidsgruppa la også til rette for å få diskutert og realitetssjekka funna i forskingsrapporten som grunnlag for utarbeidinga av handlingsplanen. Sjølv om det kan stillast spørsmålsteikn ved metode og relevans, så har ein gjennom dette prosjektet fått fokus på moglege årsaker til sjukefråver blant lærarar, problemstillingane har blitt tekne på alvor og diskutert og ein sit att med ein konkret handlingsplan for vidaregåande skule. Utfordringa for organisasjonen som heile er å sjå til at dette ikkje "blir enda ein plan for "Skuffa", som ein av respondentane uttrykte det, men at den blir brukt aktivt både lokalt på skulane og i fylkesadministrasjonen.